

**SAKSFRAMLEGG**

<b>Sakshandsamar:</b> Jan Erik Boge	<b>Arkivkode:</b> FE-033
<b>Arkivsaksnr:</b> 20/832	<b>Løpenr:</b> 20/8743
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

**SAKSGANG**

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Naturutvalet	13.10.2020	018/2020

**Faste saker****13.10.2020 Naturutvalet:**

Handsaming i møtet:

Leiar Karl Kolbotn orienterte om at sak 19/2020 kunne vert trekt frå saklista, og rådmannen ville gje ei orientering på teams.

Utvælet slutta seg til å få handsama informasjon og referatsaker etter sak 21/20.

Informasjon og orienteringssaker:

- Forvaltning – påkoppling VA

Me har ca. 15 nye påkopplingar til kommunalt vatn hittil i år. Det vert og jobba for påkoppling av både vatn og avløp på Rødne ettersom det er fleire førespurnader. På Indre- og Ytre-Tysse vert arbeidet med å få etablert kommunalt VA-anlegg starta oppatt, etter å ha vorte forsinka pga. Covid 19.

Leiar Karl Kolbotn (Frp) – ønska informasjon om korleis slamtømminga vert handtert til neste møte.

- Teigavika

Badevika begynner å ta form og kan ferdigstilla innan 2020. Det vert utarbeidd byggjerekneskap.

- Akvakulturplan – oppstart

Det er inngått kontrakt med ABO-Stord etter anbodsrunde. I denne veka vert det møte med både oppdrettarar, VFM, VFK mm. I framdriftsplan tek me sikte på å få planstrategien for planen til naturutvalet den 15. november.

- Arbeidstilsynet – asbestdokumentasjon

Kommunen har fått pålegg om å utgreie rapport for aspest i kommunale bygg. Me har fått to utsettingar av Arbeidstilsynet pga. forseinkinger i samband med Covid 19. Framdriftsplanen no er å få starte opp arbeidet i november og få laga ein eksternrapport.

- Gangveg til Hagabotnane

Kommunen sjekkar no ut avtalar og juridiske vurderingar som vart inngått då kommunen la vassleidninga for ei tid tilbake i ein av dei føreslått traseane. Utvælet får val av trase til handsaming.

- Vegnummerering

Underadressering av eigedommar vert avslutta i 2020. Det vil då stå att nokre få vegar utan

underskilting, som det ikkje er budsjett til i 2021. Dersom det er midlar att i vebudsjetten for 2021 er det ønskje om å fullføre prosjektet.

- Klimarekneskap

Klimarekneskapen vert lagt fram som eigen sak til neste møte.

- Akutt forureining - Gruvo

Prøvene som er tatt i avrenningsvatnet ute i Gruvo – ligg framleis til analyse. Mellombels svar viser at det mest sannsynleg er liten førekommst av forureining. Endeleg rapport vert lagt fram når den ligg føre.

- Akutt forureining – Båt som sank i Rolvsvåg

Samnanger kommune er medlem i IUA Bergen regionen, som er beredskap mot akutt forureining. <https://www.vestbrannregion.no/wp-content/uploads/2019/05/Vedtekter-for-Vest-brann-og-redningsregion.pdf>

Havariet meldast til brannvesenet som då rykker ut med IUA sitt oljevernmateriell.

Kommunen får og melding, og startar snarast sak med eigar i tråd med forureiningslova. Det vert då gjeve pålegg om heving/sikring.

- Vassforskrifta

Kommunen er med i eit spleisela for drift av vassområda 2021-2027. Samnanger er med i vassregionen Vest og representert ved eit medlem – leiar naturutvalet. Vassregionen skal jobbe for ei heilskapleg forvaltning av grunnvatn, ferskvatn og kystvatn. Føremålet er å sikre og beskytte berekraftig bruk av vassmiljøet.

- Oppfølging - sikring av gamle hus

Kommune har dialog med eigar av gammalt hus ved Samnanger ungdomsskule, og sett frist for sikring/utbetring. For hus nummer 2 ved Tusenårsparken har teknisk forvaltning starta handsaminga. I slike saker vert huseigar kontakta og det vert sett ein frist for tilbakemelding om sikring/utbetring. Dersom pålegg ikkje vert følgt opp vert det gitt gitt pålegg om riving.

- Statkraft har kontakta kommunen og varsla om ilandføring av ny trafostasjon til Børldalen i august 2021. Dei har avtale om bruk av kaia, noko som er teke omsyn til i reguleringsplanen. Båtforeining som ligg ved kaia i dag har ein midlartidleg oppseieleg avtale.

Landbruksjef – Øystein Svalheim orienterte om viltforvaltninga i Samnanger og konsekvensar for å endre storleiken på valda.

Utvalet bad om landbrukskontoret om å arrangere eit ekstramøte i naturutvalet i januar/februar 2021 der t.d. 2 frå kvart vald og vert invitert til dialogmøte. Agenda på møtet er å få informasjon og gå igjennom statistikken for avskytinga gjennom åra. Målet er å motivere til høgare uttak av hjortevilt, følgje opp bestandplanane, og få til samarbeid om uttak av fleire dyr.

#### **NAT- 018/2020 Vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerete vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

**Oversikt over faste saker:**

Godkjenning av innkalling og sakliste.  
Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.  
Delegerte vedtak/referatsaker.  
Utvalet sitt kvarter.